



Fylkesrådmannen

Dato: 17.12.2014
Vår ref.: 2014/10498-33
Dykkar ref.:

Partsbrev - Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2014

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 103/14 Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2014.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Arkivnr: 2014/10498-29

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	103/14	15.12.2014

Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2014

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i fylkeskommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Drøfting:

I forrige møte i kontrollutvalet orienterte Deloitte om sin revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2014. I dette møtet skal Deloitte presentere oppsummeringa av dette arbeidet i ein interimrevisjonsrapport. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen sine rekneskapar vert revidert og at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i interimrevisjonsrapporten bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar interimrevisjonsrapport 2014 frå Deloitte til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar interimrevisjonsrapport 2014 frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.12.2014

Handsaming i møte

Partner Helge-Roald Johnsen og rekneskapsrevisor Espen Hordvik presenterte resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen for 2014 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i møte 16.2.2015 for å gjera greie for kva tiltak som vil verta sett i verk for å få fleire til å bruke det elektroniske innkjøpssystemet, jf. punkt 2.2 i rapporten.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i møte 16.2.2015 for å gjera greie for kva tiltak som vil verta sett i verk for å få fleire til å bruke det elektroniske innkjøpssystemet, jf. punkt 2.2 i rapporten.
2. Kontrollutvalet tar elles interimrevisjonsrapport 2014 frå Deloitte til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Interimsrevisjonsrapport 2014 frå Deloitte